

# Tilstandsrapporten 2015/16

Namn på skulen: Arna vidaregåande skule

Tal elevar skuleåret 2015/16: 115

<b>1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring</b>			
<b>Skulen si vurdering i lys av:</b> Andel fullført og bestått Andel stryk og IV Gjennomsnittleg frávær Andel sluttarar			
<b>1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)</b>			
	2014/15	77,5	
	2015/16	81,7*	
		(*uten alternativ plan)	
<b>1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)</b>			
		Andel stryk %	Andel IV %
Termin 1	2014/15	19,63	8,41
	2015/16	14,81	12,96
Standpunkt	2014/15	14,71	8,82
	2015/16	8,82	7,84
Eksamen	2014/15	7,41	-
	2015/16	10,53	-
<b>1.3 Gjennomsnittleg frávær (PULS)</b>			
	2014/15	timar	18,75
		dagar	11,5
	2015/16	timar	21,48
		dagar	12,85
<b>1.4 Andel sluttarar. Avbrottsdato frå 1/10 (PULS)</b>			
	2014/15	9,9 %	
	2015/16	3,6 %	

## 1.5 utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17

### **Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?**

Som statistikk 1.2 syner, har talet på stryk og IV til standpunkt/termin2 gått litt ned det siste året. Talet på elevar som stryk til eksamen er i år noko høgare enn året før. Ser ein bak tala, er der faget matematikk som skil seg ut med høgast strykprosent. Resultata frå mellom anna tverrfagleg eksamen, er svært bra. Vi har hatt ein nedgang i elevar som har slutta slik at vi totalt sett har fleire som har fullført og bestått. Stryk og IV heng tett saman med at vi dei par siste åra har fått inn fleire svake elevar frå grunnskulen. Når det gjeld fråvær, ser vi at vi heldt oss på omlag det same nivået som tidlegare.

#### Svake forkunnskapar:

Skuleåret 2015-16 har Arna vgs vidareført tett oppfølging i fag som norsk, matematikk og engelsk for VG1 - elevar. To-lærarsystem har vore nytta i nokon grad. I tillegg har ein hatt god assistenthjelp i ein del programfag. På denne måten har elevar med svake forkunnskapar fått tettare oppfølging og styrking av lese-skrive og reknekonnskapane sine.

#### Høgt fråvær:

Skuleåret 2015-16 har skulen hatt eit godt helsetenestetilbod, noko som har resultert i ei tettare oppfølging av elevar med høgt fråvær, psykiske vanskar og rusproblematikk. Helsesøster og skulepsykolog har hatt kontortid ved skulen annankvar måndag. Skulen har lagt til rette for at skulehelsetenesta har eigne kontor ved skulen. Gjennom skulepsykolog har t.d elevane vore viste vidare til rett hjelpeinstans. Skuleåret 2015-16 har likevel skulepsykologtilbodet vore redusert i 2. termin grunna sjukdom. Tett oppfølging av elevane har ikkje gitt mindre fråvær, men vi ser at antalet elevar som sluttar har gått ned.

### **Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?**

Kvart skuleår tek til med startsamalar med elevar og føresette. På denne måten får vi på plass viktig informasjon ved starten av skuleåret. Det vert gjennomført læringsstøttande prøver / kunnskapstestar i faga norsk, engelsk og matematikk. Vi har høg lærartettleik i elevgrupper som har svake resultat slik at vi får sett inn naudsyne tiltak tidleg i skuleåret. Vi har innført ei tett oppfølging av elevar som utviklar fråvær eller som ikkje deltek aktivt i undervisninga.

### **Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?**

#### Feilval:

Det viser seg at kvart skuleår er det elevar som har gjort feilval, men i år er det kun registrert ein elev med denne sluttårsaka etter 1.10. Slike elevar har ein tendens til å utvikle fråvær og i verste fall avslutte studiet. Andre elevar som har gjort feilval men som ikkje vil slutte, fullfører som delkurselev der fellesfaga vert gjennomført. Når eleven då tek til på eit nytt VG1-løp skuleåret etter, kan eleven få fritak i desse faga.

#### Sjukdom/personlege årsaker:

Sjukdom og personlege årsaker er den viktigaste grunnen til at elevar sluttar. Nokre gongar skjuler det seg andre bakanforliggjande årsaker til desse omgrepa. Det kan ta tid før dei faktiske årsakene vert oppdaga. Svært ofte fører sjukdom til høgt fråvær, som igjen medfører bortfall av fagleg vurderingsgrunnlag.

Skulen har i skuleåret 2015-16 arbeidd med implementeringa av nye rutinar for oppfølging av elevfråvær. På denne måten har ein kunna setje heile hjelpeapparatet ved skulen inn før det går så langt at eleven sluttar. Vi ser og at ein del elevar utviklar høgt fråvær, men likevel oppnår gode resultat.

## **Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?**

### **Fagleg vurderingsgrunnlag:**

Skuleåret 2015/16 har skulen hatt midttime kvar tysdag. Tilbod om oppattaking av prøver har vore gitt i denne tida. Det har og vore tilbod om studietimar men ein ser at når tilbodet er "frivillig" så velger dei fleste det bort. Til hausten vert Arna og Garnes ein skule og vi ser at det vert ein del organisatoriske utfordringar. Vi kjem difor ikkje til å halde fram med midttime.

Karakteren IV skal brukast når det ikkje er mogleg å måle eleven sin fagkunnskap. Skuleåret 2015-16 har vi og sett at eit meir bevisst forhold til karakteren har auka frammøtet til elevar med høgt frávær. Lærarar i faget prosjekt til fordjuping har delt erfaringar mellom seg om korleis ein kan følgje opp elevar som er utplassert i bedrift, slik at ein kan sikre eit godt vurderingsgrunnlag.

Over 30 % av elevane våre som kjem inn frå ungdomsskulen har svake forkunnskapar i mellom anna matematikk. Sjølv om skulen har sett inn tiltak t.d. tolærarsystem, så ser vi at alt for mange elevar likevel ikkje greier eksamen. For å styrkje tilbodet i matematikk, så ser vi at det vil vera nødvendig å setja i gang ennå betre spesifikke tiltak/ei form for intensivopplæring. Ein kan tenkje seg ei organisering med tett oppfølging i periodar slik at dei grunnleggjande ferdigheitene vert styrka etter modell frå Akershuskulen. Modellen vektlegg også tverrfagleg samarbeid og på den måten kan ein knytte matematikken opp mot kompetansemål i programfaga.

### **Skulehelsetenesta:**

Gjennom nye frávær rutinar har vi hatt som mål at skulehelsetenesta koplast inn på eit tidleg tidspunkt i høve til elevar som utviklar frávær. Dette har fungert bra. Vi er kome godt på veg når det gjeld å kople inn andre (rådgjevar og kontaktlærarar), og rutinane er betre implementerte hos alle. Til hausten skal skulen også delta i prosjektet "Innenfor skolen" i samarbeid med Bergen kommune. Garnes vgs har gode erfaringar med dette prosjektet der elevar med frávær i kroppsøving får tilbod om samtale med helsesøster.

### **Trivselstiltak:**

Skulen har skuleåret 2015-16 lagt til rette ein del trivselstiltak for elevane med mellom anna sjakkspel, korgball, bordtennis og volleyballnett. Vi har hatt erfaring med at klassar som brukar desse tiltaka aktivt, har lågare frávær enn andre. Satsing på liknande tiltak vil skje skuleåret 2016/17. Det arbeidast og med å få på plass ein buldrevegg / trimstasjon.

Skulen jobbar aktiv med å implementere handlingsplan for «psykososialt skulemiljø». Gjennom skulemiljøutval, trivselsgruppe og elevråd har skulen fokusert på å skape god trivsel for elevane. I skuleåret 2015/16 prøvde vi å trekke trivselgruppa og miljøarbeidet inn i skulemiljøutvalet (utan naturlegvis å forstyrre fleirtalet elevane har i skulemiljøutvalet). Det viste seg å vere vanskeleg å trekke miljøgruppa inn i skulemiljøutvalet då det blei for mange representantar.

### **Gode relasjonar/klasse miljø:**

Skulen sette skuleåret 2014-15 i gang med prosjekt i klasseleiing. Gjennom dette prosjektet fokuserte vi på felles regelhandtering, læringsmiljø, klasse miljø, relasjonsbygging og kollegabasert rettleiing. Vi hadde som mål å få eit samkjørt kollegium som har fokus på felles ansvar for elevgruppene.

Skuleåret 2015-16 har vi vidareført arbeidet, og personalet har opplevd dette som nyttig. Vi har og arbeidd med felles køyrereglar i høve til mobil- og PC-bruk. Dette har gitt resultat. Elevundersøkinga syner at elevane er gul+ på "støtte frå lærarane" og "felles reglar". Dette er verdt å ta med vidare.

Garnes vgs skal frå hausten av delta i prosjekt "Drømmskolen" der mellom anna elevmentorar vil gå inn i Vg1 klassar med ulike relasjonsbyggjande tiltak. Sjølv om ikkje Arna vgs vil vera direkte involvert i det prosjektet, så tenkjer vi å køyra eit liknande opplegg med våre Vg1 klassar.

### **God informasjonsflyt:**

1. Den enkelte elev må oppleve meistring. Samtalar elev-lærer skal resultere i betre undervegsvurdering, styrka relasjonskompetanse mellom lærar og elev og betre tilpassa opplæring.
2. Hyppige klasselærarmøte og ressursteam møter der ein drøftar utfordringane rundt den enskilde elev. (Desse har vore avvikla i midttime).
3. Garnes/Arna vgs skal også delta i "nærværprosjekt" til neste år. Her vil OT ha ein kontaktperson som skal vera tilstades på skulen i ein 50 % stilling. Ein kan då følgje eleven tett opp og finne gode tiltak før det er for seint.
4. Gjennom deltaking i nærværprosjektet vil ein og stryka samarbeidet med grunnskulen slik at ein kan gje elevane betre informasjon om utdanningsval.
5. Styrkja kommunikasjon mellom skule, elev og heim ved hjelp av telefonkontakt og e-post kontakt.

Dei siste åra har skulen trekt inn verksemdar som har orientert eleven om krav og forventningar i arbeidslivet. Det har vore peika på at frammøte og fråvær har ei avgjerande rolle i samband med lærekontraktar og tilsetjing i bedriftene. Dette haldningsskapande arbeidet vil skulen halda fram med.

## **2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16**

### **2.1 Vurdering for læring**

#### **Skulen si vurdering i lys av:**

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

#### **2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:**

##### **Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:**

Elevane etterspør klarare tilbakemeldingar og framovermeldingar om korleis dei skal forbetre seg i faga, og skulen må bli flinkare til å overføre gode erfaringar mellom avdelingane. Elevundersøkinga for 2015-16 syner ein tilbakegang i høve til elevane si eigenvurdering (sjølv om det er innbyrdes skilnader mellom klassane). På punktet «eigenvurdering» har skulen resultatet «gul minus» mot "grønt" året før. Skulen veit at undervegsvurderinga har blitt betre, mellom anna på bakgrunn av meir bruk av IKT og nettbrett der elevane får sjå seg sjølv i arbeid og vurdering av resultatet av arbeidet sitt. Vi ser at bruk av IKT og filming av elevar i arbeid påverkar elevane i høve til å forstå korleis læraren vurderer deira prestasjonar og elevane blir meir kritiske til seg sjølve.

Skulen har arbeidd systematisk med vurdering over fleire år. Samstundes har vi det siste året brukt mykje tid på klasseleing, og skulen har sett av mindre fellestid til vurderingsarbeid. Ein har heller ikkje klart å fylgje dette godt nok opp i avdelingane.

#### **2.1.2 Utfordringar innan «vurdering for læring»**

##### **Utfordringar:**

Skulen vil arbeide for at dei gode resultatene på vurdering frå elevundersøkinga i 2014 skal haldast ved like. Sjølv om resultatene for vurdering er gode for skulen, er det og variasjon mellom avdelingane. Skulen må få ein betre delingskultur der kunnskap og erfaringar overførast frå ei avdeling til ei anna. For å få dette til, ser skulen for seg at lærarane må dela gode eksempel frå eigen praksis og få i gang diskusjonar på tvers av fagmiljø.

Gjennom tettare oppfølging og tverrfagleg samarbeid har skulen som mål å utvikle god vurderingskultur med fokus på læreprosessar og lik vurderingspraksis på alle avdelingane. Det er og viktig at skulen utviklar eit godt system for elevmedverknad og eigenvurdering. Dylan William kaller det «Unpacking formative assessment»

- Kvar eleven er på veg, kvar eleven er, korleis komma oss dit?

- Kva skal lærar gjera, korleis kan elevane hjelpa kvarandre/medelevar og eleven sin eigen refleksjon rundt læring.

Den einskilde lærar sitt vurderingsarbeid og arbeidet med vurdering i fagseksjonane skal følgjast nøye opp av avdelingsleiarane.

Kollegabasert støtte og rettleiing er i gang, og dette arbeidet vil halda fram skuleåret 2016-17. Vurderingspraksis vil naturleg inngå som ein del av dette arbeidet.

## 2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

### Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

#### 2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

##### Utfordringar:

Den digitale kompetansen skal vere godt integrert i det daglege, faglege/ pedagogiske hjå den enkelte lærar.

Skuleåret 2015-16 har vi utvida tida som fagseksjonane får til disposisjon for sitt utviklingsarbeid. Utvida bruk av IKT har vore eit fast tema i faggruppene og deira utviklingsarbeid.

Skulen har i større grad teke i bruk omvendt undervisning og skjermopptak. Lærarar som har nytta dette verktøyet har delt sine erfaringar med heile kollegiet og det har inspirert andre til å setje i gang. Nok ein gang får ein stadfesta at godt utviklingsarbeid er avhengig av gode og praktiske eksempel.

Det har vore organisert IKT-kurs i fellestida der den einskilde lærar har kunna velje kurs som passar ho/han. Desse kursa har vore: Skjermopptak (t.d. Screencastomatic)/ videoredigering, planleggaren i it's leraning og google (samskrivingsdokument)/bruk av GAFE. Bruk av samskrivingsdokument har mellom anna vore tiltenkt i klasselærarmøte, der lærarane har kunna samarbeide i forkant og etterkant av møta.

#### 2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

##### Utfordringar:

Skulen har framleis mange utfordringar innafor pedagogisk bruk av IKT og det må gjerast ein del prioriteringar. Fellestida skal i større grad brukast til utviklingsarbeid innafor fleire områder, og IKT er eit av dei områda vi må prioritera. Utfordringa som vi har i dag er å få lærarane innanfor det enkelte fagområdet til å utvikle nye bruksområda for sine IKT-verktøy. Dette er noko som vi skal jobbe meir med i faggruppene sitt arbeid.

Skulen vil også til neste år satsa på å utvikle fleire kurs tilpassa kompetansen til den enkelte. Lærarane ynskjer også å få til eir tettare samarbeid mellom fellesfag og programfag, og då vil bruk av IKT vera eit naturleg verktøy.

## 2.3 Klasseleiing

### Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

#### 2.3.1 Vurdering av «klasseleiing»:

### **Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleiing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:**

I elevundersøkinga 2015 er skulen «gul minus» på arbeidsro. Til tross for at skulen har arbeidd med eit prosjekt i «Klasseleiing», meiner elevane at det framleis er for mykje uro i timane. På den andre sida er resultatet stabilt for skulen. Elevane svarer gul+ på “støtte frå lærarane” og “felles reglar”. Dette er positivt.

Skuleåret 2015-16 har vi arbeidd med ei meir samkøyrte regelhandtering. Tilbakemeldingar frå lærarane tyder på at dei opplever meir ro i klassane.

Eit anna område vi har arbeidd med, er «klassemiljø og læringsmiljø». Mange elevar har sosiale utfordringar, og undervisninga i ordinære grupper kan vere krevjande for desse elevane. For å kunne gje alle elevane eit godt læringsutbytte, er det viktig at skulen har eit tett samarbeid med heimen. Gjennom utviklingsarbeid vonar skulen å kunne gje den einskilde lærar kompetanse til å bygge gode relasjonar med elevane. Vi må gripe tak i uønska åtfærd på eit tidleg tidspunkt og handheve skulen sine reglement på ein ryddig måte. Vi må få føresette med i arbeidet med å motivere eleven til innsats slik at utgangspunktet for lærekontrakt og arbeid vert så bra som mogleg. Dei fleste elevane har eit stort potensiale som ikkje vert nytta godt nok.

Hausten 2016 held skulen fram med kollegabasert rettleiing. Lærarane har parvis samarbeidd om observasjon og tilbakemeldingar med mål om å utvikle eigen undervisningspraksis. I tillegg til dette har vi og brukt ein del av fellestida til å arbeide i grupper med utvikling av god klasseleiing.

## **2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»**

### **Utfordringar:**

Skulen ønskjer å løfte resultatata for arbeidsro og auka læringsutbytte. Samstundes som at ein fokuserer på å skape gode relasjonar og godt klassemiljø, må ei og tenkje struktur og godt samarbeid mellom klasselærarane. Skulen har mellom anna som felles mål å skape ei sams regelhandtering og ei lik praktisering av karakterane i orden og åtfærd.

Skuleåret 2016-17 skal skulen i utgangspunkt vidareføre klasseleiarprosjektet som starta hausten 2014 etter Utdanningsdirektoratet sin modell. Men sidan vi vert samanslått med Garnes vgs, så ser vi at det kan verta ein del utfordringar. Dette kan mellom anna løysast med at prosjektet vert vidareført ved avdeling for yrkesfag (altså ved gamle Arna vgs) og ikkje ved heile den samanslåtte skulen.

### **Konsekvensar for mål og tiltak i prosjektet 2016-17:**

Det er viktig at det vert sett av tid til å arbeide med prosjektet og at det vert systematikk i det som vert gjort. Dette kan ein få til ved godt organiserte avdelingsmøter. Vi skal og arbeide med god samhandling mellom lærarane som underviser i same klasse. Utviklingsarbeidet for 2016-17 skal og spegle skulen sitt arbeid for at den einskilde elev og lærar skal utøve god, sosial kompetanse. Dette skal koma til uttrykk gjennom godt samarbeid på alle nivå, høg trivsel og betre læringsmiljø. Skulen har som eit klart mål at fleire elevar skal gjennomføre utdanninga si med eit betre og bestått resultat.

## **3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med**

### **3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket**

Arna vgs starta skuleåret 2014-15 opp eit prosjekt i klasseleiing. Vi tok utgangspunkt i Thomas Nordahl og U.dir sitt opplegg. Vi starta med at lærarane fekk vurdere sin eigen situasjon som klasseleiar. Deretter har vi i fellesskap gått gjennom opplegget for prosjektet slik at alle pedagogane på skulen har fått eit oversyn og ei forståing om kvifor ein set i gang prosjektet og kva resultat ein er ut etter å oppnå.

Vi fekk gjennom skuleåret 2014-15 på plass skulen sitt elevsyn. Dette må vi arbeide mot. Vi har jobba med felles regelhandtering, felles bruk av merknader i faga orden og åtferd, klassemiljø, læringsmiljø, oppfølging av elevar som av ulike årsaker utviklar fråvær, korleis kan lærarane i fellesskap setje i verk tiltak mot uønska åtferd, oppfølging av elevar som treng noko ekstra, oppfølging av elevar med psykososiale vanskar.

Skuleåret 2015-16 har vi arbeidd sett av mykje av fellestida vår til observasjonsgrupper, kollegabasert rettleiing og arbeid med felles regelhandtering.

Vi ser at vi framleis har utfordringar vi må jobbe vidare med. Elevane som vi i dag arbeidar med har svært ulik både fagleg og sosial bakgrunn. Difor er det viktig at lærarteamet vert godt samkjørt og har eit felles ansvar for gje elevane eit best mogleg fagleg og sosialpedagogisk tilbod.

### **3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?**

Skulen har valt dette tiltaket av fleire grunnar. Vi har over tid opplevd at regelhandhevinga har hatt ulik praksis frå lærar til lærar. Vi har heller ikkje hatt ei god nok bevisstgjering i høve til å ha eit felles ansvar for utviklinga av elevane og oppbygging av eit godt klassemiljø og læringsmiljø. At lærarane skal utvikle felles tiltak i fag, orden og åtferd har vi heller ikkje vore nok bevisste på. Gjennom klasseleiingsprosjektet håpar vi å sjå ei kulturendring og at lærarteamet vert meir bevisst på ansvaret sitt

### **3.3 Korleis har leiinga følgt opp tiltaket gjennom året?**

Det er leiinga som i samarbeid med lærarteamet har sett at dette prosjektet har vore eit naudsynt tiltak. Leiinga har studert U.dir sitt opplegg for klasseleiing og har presentert dette for lærarkollegiet. Vi har fått god respons på tiltaket. Vi har sett i verk arbeidet med diverse reglement og lovar som styrer arbeidet vårt i det daglege, Vi har jobba med diverse oppgåver gjennom skuleåret både i felles forum og i gruppearbeid. Leiinga har heile tida vore sterkt delaktig og ein pådrivar i utviklingsarbeidet.

### **3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?**

Vi ser at lærarane har vorte meir bevisste på bruk av skulereglement, lov- og regelverk når det gjeld merknadsføring og karakteren i orden og åtferd. Lærarane opplever at det er meir ro i gruppene som følgje av felles reglar for bruk av mobil og PC, men dette kjem ikkje godt nok fram i elevundersøkinga.

Lærarane viser i større grad eit felles ansvar for elevane i den enkelte klasse no enn tidlegare. Dette kjem til uttrykk gjennom ei meir felles praktisering av skulen sitt regelverk. Vi ser og at lærarteamet i større grad har fokus på klassemiljø og læringsmiljø. Dei er opptatt av at alle skal bidra til «den gode timen» der elevane har fokus på læring. Gjennom arbeidet med klasseleiingsprosjektet skal fellesskapet styrkast i enno større grad i tida som kjem. Hausten 2016 ønskjer vi å arbeide meir med kollegabasert rettleiing som ein del av prosjektet

### **3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?**

Klasseleiingsprosjektet har vore eit treårig satsingsområde ved Arna vgs. Når vi no vert samanslått med Garnes vgs, så må ein sjå heile organisasjonen under eitt. Skulane må verta kjend med kvarandre, kva utfordringar ein har, kva kultur ein har. Kva kan vi lære av kvarandre? For «gamle» Arna vgs har det vore ein svært nyttig og lærerik prosess å arbeide med klasseleiing og vi ynskjer å få runda av prosjektet på ein god måte i det komande skuleåret. Skal vil få til ei god klasseleiing i alle fag/ i alle timar, må samhandling til og oppfølging av felles tiltak gjennomførast i det daglege arbeidet.



## 4 Prosess knytt til tilstandsvurdering

### 4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

Lærarane har i heile utviklingsarbeidet fått delta aktivt i arbeidet med organiseringa av utviklingsprosessane. Lærarane har jobba fagvis og gruppevis med skulen sine utviklingsområde. Oppfølging av elevundersøkelsen har vore gjort gjennom gruppearbeid på avdelingsnivå og på klassenivå. Elevrådet har gjennom sitt arbeid kome med tilbakemeldingar i høve til si vurdering av undersøkinga. Dette har vi tatt inn i det totale arbeidet med tilstandsvurderinga.

### 4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

Arbeidet går føre seg i fellestida. Utviklingsplanen har vore tema kvar 4. veke. Når lærarane må jobbe parvis og gruppevis med utviklingsarbeid, vert det meir forpliktande. Gruppene må og leggje fram eit resultat frå arbeidet som er gjort. Dette arbeidet vert gjerne gjennomgått i plenum og diskutert, og det beste frå gruppene vert tatt med i den vidare utviklingsprosessen.

### 4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Alle må delta i utviklingsarbeidet som vert gjennomført. Lærarane er med å utforme skulen sin utviklingsplan, og dette forpliktar til deltaking. I gruppearbeidet må alle delta for at gruppa sitt arbeid skal bli bra. Heile det pedagogiske personalet deltek i gruppearbeid der det vert arbeida med dei ulike måla i utviklingsplanen. I skulen sin årsplan vert det sett opp ein plan på kor tid ein skal arbeide med ulike tema. Klasseleiing har og vore tema på klasselærarmøte som fast punkt.

### 4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Gjennom arbeidet i elevrådet kjem elevane med innspel til innhaldet i utviklingsplanen. Gjennom skuleåret kjem også elevane med innspel og synspunkt på læringsarbeidet og arbeidet som vert drive for trivsel og velvære. Utviklingsarbeidet er og gjenstand for diskusjon i Skulemiljøutvalet. Skuleåret 2015-16 har midttimen lagt høva meir til rette for klassens time og elevrådsarbeid. Skulen ser at elevdemokratiet har vorte betre, i elevundersøkinga kjem ikkje dette like klart fram.

### 4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Å lage ein god utviklingsplan er i seg sjølv ein vanskeleg prosess. Vi skal få fram kva som er mest viktig å jobbe med innanfor det enkelte tema/emne, og formuleringane skal vere tydelege og lette å forstå.

Organiseringa av sjølve arbeidet er og ei utfordring i høve til å skaffe naudsyn tid der alle kan delta. Det er og sjølv sagt ei utfordring å skape den rette og store entusiasmen for utviklingsarbeidet. Det å skape eit eigarforhold til arbeidet, er særst viktig og difor må arbeidet ha relevans til det læraren opplever til dagleg i arbeidet sitt.

Skuleåret 2015-16 har også vore spesielt grunna samanslåingsprosessen med Garnes vgs. Dette arbeidet har tatt mykje tid. Samtidig fekk vi våren 2016 dårlege prognosetal for heile progamområdet TIP og i mai vart ned nedlagt. Motivasjonen for personalet har dermed vore varierende no mot slutten av skuleåret.

## 5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare

### 5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?

No når Arna vgs og Garnes vgs vert samanslått til ein skule, er det særst viktig at dei to organisasjonane vert kjende med kvarandre og dei pedagogiske utfordringane vi står ovanfor. I det nye styringsdokumentet har skulane fått i oppdrag å vurdere eigen organisasjon og eigne resultat og på grunnlag av dette skal vi utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak. Den nye leiargruppa vil difor setja av tid til dette arbeidet til hausten slik at vi kan utvikle ein ny felles pedagogisk plattform og ein ny felles tiltaksplan. Det overordna målet om auka læringsutbytte og fullføring står fast.



**Skulen må legge vekt på:**

**Auka læringsutbytte** - kva kompetanse må skulen utvikle hos elevane slik at dei er budd på framtida i tråd med NOU 215:8 "fremtidens skole"? Nokre stikkord: E-sport ved Garnes stud. spes og MK: eit unikt tilbod innan toppidrett/nybrottsarbeid (mellom anna kan ein utvikle kompetanse i å utforske og skape/lære). Skulen vil og setja fokus på og utvikle tverrfagleg samarbeid ved yrkesfaglege programområde og gje ei opplæring med ei tydelig retning.

**Auka gjennomføring** og eit **godt psykososialt skulemiljø**:

Skulen må sjå på kvaliteten på tiltak mot fråfall og på korleis ein kan arbeide med eleven sitt psykososiale miljø. Nokre stikkord:

- Hausten 2016 startar "Drømmeskolen" og "Nærværsprosjektet". Drømmeskolen har utvikla ein modell for å arbeida systematisk med det psykososiale miljøet i ungdoms- og vidaregåande skular, ut i frå eit helsefremmende perspektiv. Målet er å skape eit læringsmiljø der elevane vert sett og får brukt ressursane sine. Gjennom Nærværsprosjektet skal skulen vera tett på eleven og ein får koordinert hjelpeapparatet på ein effektiv måte.